

BLI MEDLEM STORFJORDENS VENNER

Storfjordens Venner tek vare på historia, kulturen og fjordgardane langs Storfjorden – og gjer dei levande for nye generasjonar.



STORFJORDENS VENNER
VERN VÅR ARV

Til husstandar langs Storfjorden

Storfjordens Venner tek vare på historia, kulturen og fjordgardane langs Storfjorden – og gjer dei levande for nye generasjonar.

Meir enn femti år med arbeid for fjordgardane

I over femti år har Storfjordens Venner lagt ned eit omfattande arbeid for å gjenreise og ta vare på bygningar og kulturlandskap knytt til dei veglause gardane langs heile Storfjorden. Desse fjordgardane er viktige kulturminne, og utan Storfjordens Venner sin innsats, ville mange av desse kulturminna ha gått tapt.

I tillegg til restaurerings- og skjøtselsprosjekt, arrangerer Storfjordens Venner også turar til fleire av gardane. Vi dokumenterer gardshistoria og arbeidet vårt gjennom filmopptak, Storfjordkalenderen og foredrag.

På denne måten gjer vi arbeidet vårt kjent slik at folk sjølve kan kome seg til stader som elles er vanskeleg tilgjengelege.

Kulturarven må formidlast til nye generasjonar

I samband med femtiårsmarkeringa i 2025, vart det satsa særskilt på å formidle kunnskap og opplevingar til yngre generasjonar, m.a. gjennom skuleprosjektet «Fjordgarden vår».

Denne satsinga gjorde at ungdomsskuleelevar ved alle skulane både i Stranda og Fjord kommune fekk eit interessant og lærerikt opphald på ein fjordgard.

Engasjementet er framleis sterkt

Etter femti år er engasjementet for å ta vare på fjordgardane framleis sterkt. Det var femtiårsmarkeringa i Geiranger i 2025 eit sterkt vitneprov på.

Svært mange er positive til foreninga sitt arbeid, eit arbeid som har fått både nasjonal og internasjonal merksemd. H.M. Dronning Sonja har ved fleire høve trekt fram det viktige arbeidet til Storfjordens Venner. Dronninga er sjølv æresmedlem i foreninga, og var sjølvskreven heidersgjest ved femtiårsmarkeringa.

Vi treng endå fleire medlemmer

Trass i sterk positiv oppslutnad om arbeidet vårt, treng Storfjordens Venner fleire medlemmer.

Som medlem er du aktivt med på å verne om ein viktig del av kulturarven langs Storfjorden: Fjordgardane, historiene, stiane, bygningane og møteplassane som fortel om levd liv, slit, fellesskap og den sterke tilknytninga folket som budde her hadde til dette fjordlandskapet.


Dette er ein arv vi ynskjer å ta vare på – og gjere levande for nye generasjonar.

Gjennom medlemskap støttar du dugnadsarbeid, turar og formidling.

Du er også med på å styrke engasjementet vårt for denne viktige delen av kulturhistoria vår.

Bli medlem i Storfjordens Venner

Du kan bli medlem i Storfjordens Venner ved å:
gå inn på nettsida vår storfjordensvenner.no, eller
ta direkte kontakt på e-post: kjetil@verdsarvfjord.no, eller
på telefon/sms: 467 53 090, eller scan QR koden!



Melder du deg inn i 2026, vil du få Medlemskoppen, ein emaljert turkopp i velkomstgåve.

Velkomen som medlem i Storfjordens Venner!